

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.03.2021

### Handsaming i møte

**Klaus Iversen (V)** hadde slike kommentarar til finansrapporten

Eg vil berømme fylkesrådmannen si gode framstilling og dokumentasjon av finansforvaltninga i Vestland Fylkeskommune. Dette er eit godt utgangspunkt for å kunne forstå status, moglegheiter og utfordringar som ligg i finansforvaltninga for fylkeskommunen.

Vidare hadde Iversen slike spørsmål som det er naturleg at fylkesrådmannen får høve til å svare på:

1. Vil fylkesrådmannen vurdere om han bør tilrå at delar av Vestland fylkeskommune sin likviditet på nær 4, 6 milliardar kr. pr. 31.12.2020 kan nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lånegjelda for å redusere gjeldsgraden ytterlegare (no 92,8 %). Dersom fylkesrådmannen ikkje kan tilrå dette, kva er i tilfelle grunnen til det?
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen informere om korleis balansen i rekneskapen med omsyn til «ikkje likvide anleggsmidlar» vert handsama gjennom inntektsåret, - både med omsyn til tilgang og avgang. Finnes det samla informasjon/statistikk for dette? Og vidare :
  - a. Finnes informasjon/statistikkar for kva inntekter og utgifter anleggsmidlar i sin heilskap tilfører Vestland fylkeskommune sin resultatrekneskap?
  - b. Dersom det her er vesentleg mindre inntekter enn utgifter: Kva er hovudomsyna til at fylkeskommunen likevel «må ha» desse anleggsmidla i balansen? Her vert det antatt at det kan vera både alminnelege rekneskapsmessige og meir samfunnsmessige omsyn som kan forklare dette.
3. 49,7 % av låna har rentebinding, heilt i tråd med finansreglementet. Ser fylkesrådmannen for seg at det kan vera behov for endringar i rentebindinga (opp eller ned innafor ramma 40-60 % av låna) med dei utsikter som no ligg føre med ein antatt auke i rentene dei kommande åra?

Kontrollutvalet slutta seg til dette og vart samde om å be fylkesrådmannen svare på dei 3 spørsmåla skriftleg til møte i kontrollutvalet 10.05.2021.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen svarer skriftleg på dei 3 spørsmåla om finansforvaltninga som går fram over, til møte i kontrollutvalet 10.05.2021.
2. Det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 26.04.2021